

# Arven frå Ørsta Stålindustri kjem fattige barn i Bolivia til gode

Salet av Ørsta Stålindustri gav dottera til Henrik Bjørdal meir pengar enn ho sjølv og familien trong. I tida etterpå har Hildegunn Bjørdal Alnes jakta eit prosjekt som ho kunne støtte. Hjartesaka fann ho i byen Sucre i Bolivia.

«Kva drøymer de om?» Dette spørsmålet stilte Hildegunn på stabsmøte i OASID. Det er denne frivillige, bolivianske organisasjonen, eller først og fremst vanskelegstilte barn i Sucre, som får nytte godt av engasjementet og den økonomiske overfloda til Hildegunn.

Grunnlaget for hjelpa vart lagt i etterkrigstidas Ørsta. Der starta farren hennar, Henrik Bjørdal, twillingbroren Paul og svogerden Kåre Aam, Ørsta Stålindustri.

## Frå Ørsta til Sucre

I barndommen var Hildegunn mange sommarmånader i Ørsta og ho føler det er passande at ho oftentleggjer planane sine i kommunen der grunnlaget var lagt. Men korleis fann hjelpa den lange vegen frå sunnmørskommunen til byen Sucre, som ligg i det nest fattigaste landet på den vestlege halvkule?

– I oppveksten lært eg å vere raus og eg har alltid vore oppteken av hjelpearbeid ute, fortel Hildegunn. Dette tankesettet forplanta seg til dottera Kjerstin, som på frivillig og uavhengig basis drog til Bolivia for å bidra som sosionom.

Kjerstin fekk høve til å bruke sosionombakgrunnen sin i eit prosjekt for paraplyorganisasjonen OASID. Saman med fagpersonar som pedagog, fysioterapeut, psykolog og sjukepleiar arbeider dei inn mot statlege barneheimar.

## Hadde funne prosjektet

Samarbeid med det offentlege i Bolivia er ikkje berre lett. Politiske endringar fører gjerne til endringar i leiinga på barneheimane òg. Alternative måtar på å nå barn og unge med arbeidet OASID gjer, var difor etterlengta.


I fjor haust vitja Hildegunn dottera i Sucre. Ho skjønte mest umiddelbart at ho hadde funne prosjektet ho leita etter.

– Eg trudde eg var førebudd på det som skulle møte meg, men eg tok feil. Historiene til barna gjorde sterkt inntrykk på meg, og eg ønskte så gjerne å hjelpe dei, fortel ho.

Det var difor Hildegunn utfordra leiinga i organisasjonen til å fortelle om draumane sine for arbeidet dei



Hildegunn besøkte dottera Kjerstin i Sucre, og fekk ta del i arbeidskvardagen hennar på statlege barneheimar. No startar ho ei norsk stifting med mål om å byggje opp Centro Mariposa. For å realisere senteret er ho avhengig av å samle inn pengar til bygging og driftning av senteret. Interesserte givarar kan nyte seg av kontonummer: 8580.12.91940 (Centro Mariposa Norge)



Her er tomta som skal huse Centro Mariposa. Her er det planlagt ressurscenter, administrasjonsbygg, akutmottak og fleirbruksstall.

gjer. Resultatet av desse møta vert Centro Mariposa.

## Sommarfugl

– Mariposa betyr sommarfugl på norsk. Namnet skal symbolisere den fantastiske endringsprosessen. Ein liten og vever skapning som faldar seg ut til å verte ein vacker sommarfugl. Eg håper å bidra til at barn i Sucre kan få sjansen til å

leve eit verdig og godt liv, seier ho.

Planane ligg klare. Eit ressurscenter med fleire funksjonar, skal reisast i Sucre.

– Først og fremst skal senteret få lokale til arbeidet retta mot barn, unge og familiar. Fagpersonane som arbeider inn mot offentlege barneheimar har lenge ønskt å drive meir førebyggjande arbeid, slik at barn og unge slepp å hamne på



Tre generasjonar Bjørdal: Kitty Bjørdal var syster til Kåre Aam og gift med Henrik Bjørdal. Ho lærte dottera Hildegunn Bjørdal Alnes å vere raus og hjelpe andre. Dette tankesettet ført Kjerstin Bjørdal Alnes til Bolivia, der ho på frivillig og uløna basis har drive barneheimsretta arbeid i halvtana år. Snart dreg ho tilbake for å vere der nok eit år.

heimar. I tillegg vil senteret ha lokale som kan ta imot barn som har akutt behov for omsorg utanfor familien, anten i påvente av fosterheim eller for seinare å kome tilbake til familien. Noko anna som er viktig for organisasjonen er å få samla administrasjonen på éin

stad, og det vil dei få i Centro Mariposa, forklarer Hildegunn.

Ho har kjøpt tomta og papirarbeidet er i orden. Håpet er å ha bygjetrinn 1 klar til årsskiftet. Gjennom ei stifting ho er i ferd med å opprette i Noreg, skal Hildegunn samle inn pengar til bygginga og drifta av Centro Mariposa.

Til grunn for alt dette er historia om dei tre ørstingane som satser eigenkapitalen sin på ein fabrikk som laga stålprodukt for fleire tiår sidan.

Sverre Øvreli Steen



Pengar frå salet av Ørsta Stålindustri gav grunnlaget. (Anlegget i Skogsrød i 1974).